



5 uskedelinger på laget denne gongen: Kari Bråtun, Gøril Samland Eik, Katrine Yri Røssland, Anita Simensen, og Anne Mette Zimmer

Det har vore ei stor om ikkje strålende fotballhelg for kombinasjonen av Rosendal og Uskedalen både med omsyn til reesultat og vertilhøve.

Gutar 13 som spelar i 1. divisjon klarte 3-3 mot Tertnes 1 og jentene sette Bjarg frå Fana till veggs med 3-1, begge prestasjonar som det står respekt av.

Det var 4 uskedelinger på gutelaget og 5 på jentelaget.



Hildegunn Furdal fyrar av mål nummer 3

Gutane var Sondre S. Myklebust, Martin Yri Røssland, Karsten Andre

Haugland og Emil Bakke Berntsen og Sondre og Emil noterte seg for eitt mål kvar der særleg Emils satt kontant i nettet. Men det bør understreka at heile kvartetten gjorde eit solid inntrykk.



Tina Skår i fint driv mot mål

Jentene frå Uskedalen var Anita Simensen, Katrine yri Røssland, Gøril Samland Eik, Kari Bråtun og Anne Mette Zimmer. Den siste var debutant og fekk ikkje med seg så mange minuttene, men ho fekk i alle fall presentert seg på ein skikkeleg måte. Vi sakna Ingebjørg Haugland, men ho var i Oslo etter å ha sprunge halvmaraton. Når det gjeld sjølve kampen vara det ikkje lenge før Tina Skår Olderkjær og Inga Teigland Øye hadde notert seg for eit mål kvar men halvtidsresultatet kunne ha vore atskillig større.

Heimelaget starta andre omgang relativt moderat, men omsider sette Hildegunn Furdal prikken over i-en med eit mål nummer 3. Kampen synta at heimelaget har meir inne og det er all grunn til å se fram til fleire kampar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen